



Anna Rød gjer ein innsats for Damevennene sjølv om ho bur på Voss.

Minus 10 bitre grader var det då grana skulle tennast i ettermiddag og det kan ikke nektast for at kaldveret la ein viss dempar på arrangementet i regi av dei driftige Aktivitetshusets Damevenner. Til dømes måtte Musikklaget spela inne fordi ventilane svikta og det har dei visstnok gjort berre ein gong før under ei grantenning.



[Grana skein i all sin prakt](#)

Det var på 1980-talet og då sludda og snødde det. Til gjengjeld ga dei 10 musikantane som var frå 16 (Lene Storevik Myklebust) til 78 (Bjørgulv Eik) oss ein heil julekonsert på 25 minutter! Det kan ikkje vera tvil om at korpset, som har ei stolt historie, er inne i ein stigande formkurve.



[Børsdalsnissen var begeistra for det Musikklaget presterte](#)

Blant dei som ikkje lot seg skemma men stilte entusiastisk opp var Anna Rød som bur i Myrkdalen på Voss men framleis er like engasjert i det som skjer i bygda vår. Ho arrangerte minibasar til inntekt for Damevennene og hovudgevinst var ei dokke i vogge laga av mannen Knut Mørkved, dottera Mariann Hauso og ho sjølv. Så er da også mottoet hennes: Alt for Uskedalen!



Produksjonen av lappar gjekk for fullt i teltet

Ellers var det grunn til å vera imponert over så mangt, til dømes dei sju eigenproduserte kakeslaga som dei lokka med i Gamleskulen. Produksjonen av lappar var også bokstaveleg tala velsmurt - han fant stad i teltet der Marit Langballe hadde stor suksess med brøda sine. Ho selte 40 på ein halv time og fleire hadde ho ikkje med seg. Opplegget var ellers slik det har vore i nokre år og det betydde mellom anna sal av elevarbeider i Helgheim. Det er ingen spesiell grunn til å endre regien, men eit nytt innslag var vellukka: Musikk som passa i ei førjulstid låg som eit mjukt bakteppe over plassen.

På pluss-sida må ein også nemna Børstdalsnisen som dette året også la for dagen musikalske gåver ved å spela på det pianoet som Gamleskulen fekk her om dagen. Men gangen rundt juletreet vart det ingenting av – det vart for kaldt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Musikklaget måtte spela inne - det har hendt berre ein gong før